




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Grøn status 2025

Status på indikatorar frå Fylkesstrategi for miljø, klima og energi



Kva er *Grøn status*?

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025–2028 er den overordna planen for samfunnsutvikling i Møre og Romsdal. Fylkesplanen blir utdjupa gjennom ei rekke fylkesstrategiar som følger opp fylkesplanmåla, mellom anna Fylkesstrategi for miljø, klima og energi.

Kontrollutvalet har bestilte ei undersøking av korleis Møre og Romsdal fylkeskommune arbeider med berekraftsmål knytt til klima og miljø. Undersøkinga blei gjennomført av Deloitte.

På bakgrunn av rapporten frå Deloitte vedtok Fylkestinget (14. oktober 2024, sak T-45/24):

- Sikre at fylkeskommunen rapporterer på dei måleindikatorane som fylkeskommunen har satt seg for klimaarbeidet, både i handlingsprogrammet og i Fylkesstrategi for miljø, klima, og energi 2023–2026.
- Leggje ein plan for korleis rapportering i Fylkesstatistikken og rapportering i årsrapporten kan samanstillast, slik at politikarane og offentlegheita får eit heilskapleg bilete av korleis ein ligg an til å nå måla.

Grøn Status rapporterer på måleindikatorane i Fylkesstrategi for miljø, klima, og energi 2023–2026. *Grøn status* er eit vedlegg til årsrapporten.

Samandrag

Grøn status 2025 viser at Møre og Romsdal gjer framsteg innan avfall, gjenvinning og transportutslepp og innbyggjarane blir gradvis meir positive til berekraftige val.

Samtidig står fylket overfor betydelege utfordringar. Den største er eit aukande kraftunderskot og låg utbygging av ny energi, noko som vil kunne føre til høge kostnader og avgrense vidare elektrifisering. Naturtap og press på areal og naturmangfald er ei utfordring. For vass- og avløpssektoren ligg fylket etter nasjonalt nivå, og lekkasjar og manglande reinsing krev store investeringar.

Område med positiv utvikling

Avfall og sirkulærøkonomi

- Restavfall per innbyggjar er redusert med nesten 24 prosent sidan 2015.
- Utsortering av plast, metall og matavfall aukar kraftig.

Transport – utslepp frå vegtrafikk

- Klimagassutslepp frå vegtrafikk er redusert med 23 prosent sidan 2009, og personbilane står for det største kuttet.
- Elbilandelen aukar.

Klimaengasjement hos innbyggjarar

- Andelen som meiner det er vanskeleg å ta berekraftige val går gradvis ned, både for kostnad, utval og informasjonstilgjengelighet.

Samandrag

Område med negativ eller utfordrande utvikling

Energi – kraftbalanse og produksjon

- Kraftforbruket aukar kraftig, medan ny kraftproduksjon ikkje blir bygd ut i tilsvarande tempo.
- Fylket må importere meir kraft, til ein pris som er forventa at vil både stige og variere meir og raskare.

Arealpress og naturtap

- Kommunane har planlagt å bygge ned over 20 000 dekar verdifulle naturtypar.
- Dispensasjonar i areal med restriksjonar ligg høgt, langt over landssnittet.
- Auka nedbygging av myr, skog og landbruksjord gjennom godkjente planar.

Naturmangfald

- Talet på truga artar aukar, og lista for framande artar viser over 250 artar med høg eller svært høg risiko.
- Berre 16,4 prosent av marine naturtypar er kartlagt

Klimatilpassing – naturskadar aukar

- Kostnader frå naturskadar er høge og varierer sterkt, med fleire vêrhendingar dei siste åra.

Kommunalt avløp og vassnett

- Berre 50 prosent av innbyggjarane har avløp som oppfyller reinsekav, mot 70 prosent nasjonalt.
- Fornyingsstakta på leidningsnett går ned, og om lag 30 prosent av vatnet forsvinn søm følgje av lekkasjar, før det kjem fram til forbrukar.



Fylkesstrategi for miljø, klima og energi [FS MKE]

Tema	Mål	Satsingsområde
1 Heilskapleg planlegging	Heilskapleg forvaltning og planlegging for eit berekraftig samfunn. Vareta naturgoda og legge til rette for utvikling på naturen sine premisser.	1.1 Arealplanlegging og forvaltning av natur- og kulturressursar
		1.2 Klimatilpassing
		1.3 Naturmangfald og økosystem i god tilstand
2 Omstilling	Redusere klimagassutslepp, endre forbruksmønster og minske presset på naturressursane.	2.1 Bygg og infrastruktur
		2.2 Transport og mobilitet
		2.3 Sirkulær økonomi, forbruk og avfall
		2.4 Matproduksjon og –konsum
		2.5 Energi
3 Involvering og kompetanse	Få med heile samfunnet på omstillinga og utvikle kunnskap og kompetanse.	3.1 Involvere, bevisstgjere og engasjere til handling
		3.2 Kompetanseheving og kunnskapsutvikling



Måleindikatorar i FS MKE- Heilskapleg planlegging

1.1 Arealplanlegging og forvaltning av natur- og kulturressursar

1. Arealbruk og arealressursar [SSB; 09594]
2. Del av byggesøknader i område med restriksjonar som vart innvilga ved dispensasjon av kommunen [SSB; 13128 /KOSTRA]
3. Del verna natur [Miljødirektoratet/Geonorge]

1.2 Klimatilpassing

1. Naturskadar, kostnader [Finans Norge]
2. Bestand av gamalskog

1.3 Naturmangfald og økosystem i god tilstand

1. Dekningsgrad marine grunnkart [Kartverket/NGU/Havforskningsinstituttet/fylkeskommunen]
2. Norsk raudliste for artar og naturtypar, og framandartslista [Artsdatabanken]
3. Miljøtilstand i vatn [Vann-Nett]
4. Rekneskap over naturtypar som er planlagde nedbygde i kommuneplanar [fylkeskommunen]

Måleindikatorar i FS MKE- Omstilling

2.1 Bygg og infrastruktur

1. Arealbruk og arealressursar: fysisk nedbygd areal [SSB; 10781]
2. Kommunalt avløp: reins og reinsekav [SSB; 11793]
3. Kommunal vassforsyning: leidningsnett og tilknyting [SSB; 13143]
4. Utslepp frå anna mobil forbrenning [Miljødirektoratet]

2.2 Transport og mobilitet

1. Bilparken etter type drivstoff [SSB; 11823]
2. Sal av autodiesel/bensin [SSB; 13615, 13585]
3. Kollektivtransport: passasjerkilometer ulike transportmiddel [SSB; 11910]
4. Klimagassutslepp frå transportsektoren [Miljødirektoratet]

2.3 Sirkulær økonomi, forbruk og avfall

1. Avfall frå hushalda: totalmengd, materiale og behandling [SSB; 13136]
2. Tal på verksemder innan gjenbruk og reparasjon [Brønnøysundregisteret/SSB]

2.4 Matproduksjon og –konsum

1. Utsortert matavfall levert til kommunalt renovasjonsselskap [SSB]
2. Klimagassutslepp frå landbruket [Miljødirektoratet]
3. Klimagassutslepp frå fiskefartøy [Miljødirektoratet]

2.5 Energi

1. Årleg elektrisk energibruk [NVE, Avbruddsstatistikk]
2. Fornybar kraftproduksjon [NVE, Status for ny vannkraftproduksjon, NVE, Utbygde vindkraftverk i Norge, NVE, solkraft]

Måleindikatorar i FS MKE- Involvering og kompetanse

3.1 Involvere, bevisstgjere og engasjere til handling

1. Årleg befolkningsundersøking for å finne ut om innbyggjarane føler at dei har nok kunnskap til å ta gode klimaval i kvardagen [Møre og Romsdal fylkeskommune]

3.2 Kompetanseheving og kunnskapsutvikling

1. Omfang av forskings- og innovasjonsprosjekt på området i tal og beløp (f.eks. Klimasats, EU-prosjekt og forskings- og innovasjonsprosjekt) [Miljødirektoratet, forskingsmiljøa]
2. Andel kommunar som bruker klimabudsjett og rekneskap og areal- og naturrekneskap [Statsforvaltaren]


Klimatilpassing

Klimaendringane vil i Møre og Romsdal særleg føre til behov for tilpassing til kraftig nedbør og auka problem med overvatn; endringar i flaumforhold og flaumstorleikar; jordskred og flaumskred, samt havnivåstiging og stormflo.

[Statlege planretningslinjer for klima og energi](#) gir retningslinjer for klimatilpassing. For å vere «føre var» skal ein leggje høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar til grunn når ein skal vurdere konsekvensane av klimaendringane.

Dei fylkesvise [klimaprofilane](#) blir laga av Norsk klimaservicesenter, dei skildrar venta klimaendringar med høge klimagassutslepp. Klimaprofilane blei oppdatert i 2025 samtidig med lansering [Rapporten Klima i Noreg](#). Rapporten er laga på oppdrag frå Miljødirektoratet og presenterer observerte klimaendringar og berekna klimaendringar fram mot 2100.

Venta klimaendringar



Kartet viser endring i lengda på vintersesongen i døgn for heile året, frå referanseperioden 1991–2020 til 2071–2100, høgt utslippsscenario.

Tal for Møre og Romsdal, gjennomsnitt for fylket fram mot år 2100.

Temperatur

- Gjennomsnittleg årstemperatur er berekna å auke med kring 3,0 °C.
- Vintersesongen vil bli 6 veker kortare.
- Sommersesongen vil bli omtrent 6 veker lengre, og dagar med gjennomsnittleg temperatur over 20 °C vil auke med meir enn 20 dagar.
- Vekstsesongen er venta å auke med 1–3 månader.

Nedbør

- Årsnedbøren i Møre og Romsdal er berekna å auke med kring 5 %.
- Vesentleg reduksjon i snømengdene og to månader kortare skisesong.





Vind

- Klimamodellane gjev små eller inga endring i gjennomsnittlege vindforhold i dette hundreåret, men uvissa i framskrivingane for vind er stor.

Framskrivingane baserer seg på analysar frå IPCC sin sjette hovudrapport frå 2021, høgt utsleppsscenario («SSP3–7.0»). Scenarioet reknar med at utsleppa i verda blir fordobla ved slutten av hundreåret og byggjer på ei sosioøkonomisk framtid med “regional rivalisering”

Klimatilpassing

SANNSYMLEG AUKE

 Kraftig nedbør	Det er venta at episodar med kraftig nedbør aukar vesentleg både i intensitet og frekvens. Dette fører til meir overvatn.
 Regnflaum	Flaum som kjem av regn vert hyppigare og større. I mindre bekker og elvar må ein vente ei auke i flaumvassføringa. Mindre elvar kan finne nye flaumvegar.
 Jord-, flaum og sørpeskred	Fleire jord- og flaumskred i samband med meir styrtregn, særleg seinsommar og haust. Fleire sørpeskred i høgareliggjande område.
 Stormflod	Som følgje av havnivåauking er det venta auke i stormflodnivåa.

Venta endringar i Møre og Romsdal.

Klimatilpassing er tiltak som avgrensar ulemper – og utnyttar fordelar – av eit endra klima.

Klimapåslag tilrår kor mykje dagens dimensjonerande verdi (altså ein ekstremverdi, som til dømes 200-årsverdien) bør aukast for å ta høgde for framtidige klimaendringar.

Klimapåslag for kraftig nedbør: minst 40 % på dimensjonerande nedbør med kortare varigheit enn 3 timar.

Klimapåslag for flaum: 20 % for store elver og minst 20 % for små elver og bekkar.

Tilrådde nivå for havnivå og stormflod:

For Møre og Romsdal er det følgjande den geografiske variasjonen i dei tilrådde nivåa:

- F1 – 20-års vasstand (utan klimapåslag): 150–190 cm
- F2 – 200-års vasstand med klimapåslag: 250–280 cm
- F3 – 1000-års vasstand med klimapåslag: 250–290 cm
- Øvste estimat for høg vasstand, med klimapåslag: 310–370 cm

Klimagassutslepp

I Noreg er måla om reduksjon av utslepp av klimagassar lovfesta i [klimaloven](#). Lova gir måla for 2030, 2035 og 2050. Måla bruker 1990 som referanseår.


Klimamåla i Noreg:

- 2030: minst 55 prosent reduksjon
- 2035: minst 70–75 prosent reduksjon
- 2050: i størrelsesorden 90–95 prosent reduksjon

Når ein skal presentere utviklinga av klimagassutslepp er det vanleg å presentere dei historiske utsleppa saman med måla ein har sett seg og saman med kva forventning ein har i den næraste framtida. Forventninga kan bereknast ut frå kva ein forventar at vil skje basert på for eksempel politikk og teknologiutvikling. Ein kan også gjere ei enkel lineær framskriving, det vil seie lage ei trendlinje basert på dei historiske utsleppa. Denne linja antydar kor store utsleppa kan bli i 2030 dersom vi «fortsett som før». Dette er vist med prikke-linja i grafen.

Møre og Romsdal har same mål som Noreg for 2030, å kutte utsleppa med minst 55 prosent. Fylket har ikkje sett seg mål for 2035 og 2050, men om heile landet skal bidra for å oppfylle Noreg sitt mål kan det vere nyttig å sjå kva det betyr om ein skal kutte prosentvis like mykje i Møre og Romsdal som landet samla sett. Dette er vist med strek-prikk-linja i grafen.

Klimagassrekneskap



Tal for Møre og Romsdal.

I følgje Miljødirektoratet har dei historiske utsleppa i Møre og Romsdal vore relativt stabil og har berre falle med 10 prosent mellom 2009 og 2023.

Ved å lage ei lineær trendlinje basert på dei historiske utsleppa kan ein gi ein peikepinn på kor store utsleppa kan bli i 2030 dersom vi «fortsett som før».

[Miljødirektoratet levere tal for klimagassutslepp i kommunar og fylkeskommunar.](#)

Areal og natur

I Noreg er dei nasjonale måla for arealbruk forankra i mellom anna:

- Internasjonale forpliktingar, som [Naturavtalen](#)
- [Meld. St. 35 \(2023-2024\), Bærekraftig bruk og bevaring av natur - Norsk handlingsplan for naturmangfold \(Naturmeldinga\)](#)
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, 2023-2027](#)
- [Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, 2025](#)

Nokre av hovudpunkta i Naturavtalen:

- 30 prosent av all natur på land og i hav, innsjøar og elver skal vere verna innan 2030.
- 30 prosent av all natur som er øydelagd eller skada skal vere under restaurering innan 2030.
- Stanse utrydding av artar.

Unngå den viktigaste naturen: Som minimum unngå naturmangfold som beskrive i rundskriv T-2/16

- Verneområder og foreslåtte verneområder
- Utvalgte naturtyper
- Truede artar
- Samanhengande naturområde med urørt preg
- Geologisk naturmangfold

Følgje nasjonale forventningar og unngå:

- Myr og våtmark
- Skog og vassdrag

Følgje UFF-prinsippet (unngå, flytte, forbetre) i arealdisponeringar.

Arealrekneskap

76 520 dekar skog



24 906 dekar myr



17 583 dekar landbruksjord




Tal for Møre og Romsdal.

Arealrekneskapet for 2025 viser at det ligg 164 471 dekar godkjent for utbygging i kommunale planar i fylket. Målt i fotballbanar er talet 23 495. Arealet fordeler seg mellom anna på 76 520 dekar skog, 24 906 dekar myr og 17 583 dekar landbruksjord

Energi

- Elektrifiseringa av samfunnet legg eit stadig aukande press på kraftsystemet i Møre og Romsdal, som allereie er sterkt utfordra med omsyn til kapasitet. Forsterking av overføringskapasitet i nettet mellom nord og sør i Noreg vil også bidra til prissmitte frå sør slik at straumprisane i Møre og Romsdal vil auke betrakteleg i åra framover.
- I 2024 var samla kraftproduksjon i fylket 6,5 TWh, medan forbruket var 13,1 TWh. Det er forventa at kraftforbruket vil auke betydeleg, med stor etterspurnad spesielt frå datasenter, industri og oppdrettsanlegg. Samstundes er det meldt inn svært få tilknytningssaker for ny produksjon til nettselskapa. Kraftgapet vil derfor auke og fylket må importere ein stadig større del av krafta, til ein pris som forventa både vil stige og variere meir og raskare.
- Kraftkrevjande industri står for om lag 70 prosent av straumforbruket i fylket. Geografisk kan ein sjå at dei fire kommunane Sunndal, Aukra, Hustadvika og Ålesund saman står for 76 prosent av forbruket. Særskild utmerker Sunndal seg, kor Hydro Aluminium Sunndal aleine har eit kraftforbruk på om lag 6,1 TWh.
- Total kraftproduksjonskapasitet i fylket er på ca. 1 700 MW. Forventa årsmiddelproduksjon er på 7,5 TWh, ref. [NHO, Kraftløftet](#). Faktisk produksjon vil variere med ver, etterspurnad og tekniske forhold. I 2024 utgjorde vasskraft heile 93 prosent av kraftproduksjonen og vindkraft 6,5 prosent. Meir informasjon ligg på nettsidene [NVE, status for ny vannkraftproduksjon](#) og [NVE, Data for utbygde vindkraftverk i Norge](#).
- Per oktober 2025 er samla installert effekt for solkraft i Møre og Romsdal 11,1 MW, med estimert årleg produksjon på 6,4 GWh. I 2024 blei det installert 4 MW ny solkraftkapasitet medan det per oktober i 2025 berre er installert 1 MW ny kapasitet. Størst andel solkraft finn ein i Molde kommune, med 2,85 MW installert effekt og ein estimert årleg produksjon på 1,56 GWh. Det er eit stort unyttat potensial for solkraft i fylket. Samla *teoretisk* potensial er 13,7 TWh/år, fordelt på bygg og grå areal. Oversikt over solkraftpotensial per kommune finn du på [Kraftproduksjon dashboard Møre og Romsdal](#).
- Meir informasjon om kraftsituasjonen i Møre og Romsdal finn du her: [Energi – Møre og Romsdal fylkeskommune](#).

Energi: Produksjon og forbruk av elektrisk kraft



Tal for Møre og Romsdal.


Kraftkrevande industri står for om lag 70 prosent av straumforbruket i fylket.

Det er forventat at kraftbehovet vil auke betydeleg, med stor etterspurnad spesielt frå datasenter, industri og oppdrettsanlegg.

Stipulert produksjon og forbruk er gjort av Thema Consulting Group i rapporten «Potensialet for energiomstilling i Møre og Romsdal, 2024».

Tall for 2025 var ikkje tilgjengeleg ved tidspunkt for utarbeiding av grafen.

Arealressursar




Tal for Møre og Romsdal.

Kakediagrammet viser kva type areal vi hadde i Møre og Romsdal i 2025.

Historisk sett er det små endringar i kategoriane, bortsette frå då Rindal og Halså flytte ut av Møre og Romsdal og Hornindal blei innlemma.

Arealbruk




Tal for Møre og Romsdal.

Dei fleste kategoriane har lite endring i areal mellom 2011 og 2025, men desse har gått mykje opp:

- Uklassifisert bebyggelse og anlegg (93 prosent)
- Beredskapstenester og forsvaret (41 prosent)
- Næring, offentlig og privat tenesteyting (36 prosent)
- Grønne område, idretts- og sportsområde (32 prosent)


Del av byggesøknader i område med restriksjonar som vart innvilga ved dispensasjon av kommunane



Tal for Møre og Romsdal.

I Møre og Romsdal blir det gitt fleire dispensasjonar frå plan i område med restriksjonar enn i Noreg samla sett.


Verna areal på land



Noreg har skrive under på FN's Naturavtale. Eit av hovudpunkta er at 30 prosent av all natur på land og i hav, innsjøar og elver skal vere verna innan 2030.

Naturavtalen set óg krav til at vernet skal vere representativt. Det betyr at områda som blir verna, skal dekke alle naturtypar, og dei skal henge godt saman. Kartet viser at i Møre og Romsdal har vi hovudsakeleg verna natur i fjellet og noko langs kysten.

Verna areal til havs



Kjelde: N50 (Kartverket)
Verneområder (Miljødirektoratet)

Nasjonalparker er store naturområde med særegne eller representative økosystem. Dei kan også være landskap uten tyngre naturinngrep.



Naturreservat er den strengaste formen for områdevern etter naturmangfaldlova.

Landskapsvernområde er natur- eller kulturlandskap med stor økologisk, kulturell eller opplevelsesmessig verdi. Verneforma blir ofte brukt for å ta vare på kulturlandskap i aktiv bruk.

Marine verneområde blir oppretta for å beskytte marine verneverdiar, eller slike verdiar som er økologiske betingelsar for artar som lever på land.

Kjelde: N50 (Kartverket), Verneområder (Miljødirektoratet)

Verna areal på land og – til havs



Tal for Møre og Romsdal. Stolpane viser verna areal i km², på venstre akse. Stipla linje vise verna areal i prosent, på høgre akse. I 2024 var om lag 4 prosent av sjøarealet ut til territorialgrensa verna. Endringane skuldast i hovudsak at kommunane Rindal og Halså har gått ut av Møre og Romsdal medan Hornindal har blitt innlemma i fylket.

Naturskadekostnader i MNOK, KPI-justert




Tal for Møre og Romsdal.

Norsk Naturskadepool og Finans Norge har samla inn data om klimarelaterte skadar i Noreg frå forsikringsselskapa sidan 1980. 7 av dei 10 største naturhendingane i Noreg sidan 1980 har skjedd etter 2010. Det har vært store hendingar i tidlegare periodar også, men med lågare frekvens. I Møre og Romsdal hugsar ein enno Nyttårsstormen 1. januar 1992.

Naturskade: skadar som er skulda direkte av storm, stormflod, skred, flaum, jordskjelv og vulkanutbrot.

Vêrskade: Andre vêrrelaterte skader som ikkje er direkte skulda av dei over.


Bestand av «gamalskog» (naturskog)



Det finnes ikke datasett/kart over gamalskog.

Kartet viser naturskog. Naturskog betyr skog etablert før 1940 som ikke har blitt flatehogd etterpå.

Dekningskart marine naturtyper



Tal for Møre og Romsdal.

16,4 % av sjøarealet ut til territorialgrensa er kartlagt for marine naturtyper (DN-handbok 19):

- Større tareskogførekomstar
- Israndavsetningar
- Blautbotn i strandsona
- Ålegrasenger og andre undervassenger
- Skjelsandførekomstar


Dekningskart marine grunnkart



Tal for Møre og Romsdal.

Kommunane på ytre Sunnmøre, og sporadisk små område elles i fylket har fått utarbeidd marine grunnkart, som er detaljerte sjøbotnkart om geologisk, biologisk og kjemisk tilstand.

Norsk raudliste for artar og naturtypar



Tal for Møre og Romsdal.

Det er registrert totalt 2 279 artar på Norsk raudliste for artar 2021 i Møre og Romsdal. Av desse er det registrert 387 artar som er definert som truga (CR, EN og VU).

Flest artar i kategorien truga er påverka negativt av habitatendringar, andre artar og klimaendringar.


På Norsk Raudliste for naturtypar for 2025 er det registrert totalt 466 naturtypar, og av desse er 124 definert som truga.

Raudlista blir oppdatert ca. kvart 5 år.

Heildekkande: Artar
Mønstra: Naturtypar

Kjelde: Artsdatabanken, Norsk rødliste for arter 2021 (2021, 24.november), Artsdatabanken, Norsk rødliste for naturtyper 2025 (2025, 26.november)

Historiske endringar på raudlista for artar




Tal for Møre og Romsdal.

Norsk raudliste for artar for åra 2010, 2015 og 2021 viser ei lita endring i fordeling av artar i kategoriane i lista.

I 2010 var det totalt 2 183 artar på lista, i 2015 var det 2 075 og i 2021 var det 2 279 artar. Endringane skuldast mellom anna artar som er vurdert for første gang, ny kunnskap eller ny tolking av eksisterande data.

I tillegg til fleire vurderte artar, er fleire arter blitt kategorisert til truga.

Framande artar



Tal for Møre og Romsdal.

I Møre og Romsdal er det registrert 788 artar i Fremmedartslista 2023. Av desse er 259 vurdert til å utgjere høg eller svært høg risiko for norsk natur.

Det er flest planter og insekt på lista, og dei er typisk å finne i slåttemark og beitemark eller skog.

Artane spreia på ulikt vis, men dei fleste er forårsaka av rømming eller forvilling. Eksempel er spreining frå parkar og hagar, plantehandel og hageutkast. 54 artar er knytt til tilsikta utsetting.


Utviklinga viser at fleire artar har etablert seg i norsk natur. Det er også fleire artar som er risikovurdert.

Ny publisering av lista kjem i 2029. Førre liste var frå 2018.


Miljøtilstand i vatn

Registrerte vannforekomster

VANNKATEGORI	ANTALL	SMVF	STØRRELSE
Elv	1 713	181	24 976,9 km
Grunnvann	118	0	297,57 km ²
Innsjø	412	71	400,48 km ²
Kystvann	232	0	7 057,5 km ²
Totalt	2 475	252	



Økologisk tilstand, per 2025



Kjemisk tilstand, per 2025


Tal for Møre og Romsdal.

I Møre og Romsdal vassregion har vi i 2025 til saman 2 475 vassførekomstar fordelt på elver og bekkar, grunnvatn, innsjøar og kystvatn.

78 prosent når målet om minst god økologisk tilstand. Vi manglar informasjon om miljøtilstanden i om lag halvparten av vassførekomstane. Vi har lite kunnskap om kjemisk tilstand.

Det som påverkar flest vassførekomstar, og i stor grad, er jordbruk, vasskraft og spreidd avløp.

Naturtypar kommunane har planlagt å bygge ned




Tal for Møre og Romsdal.

Kommunar i Møre og Romsdal planlegg å bygge ned 20 130 dekar natur som er verdsatte naturtypar. Det svarar til ca. 2 876 fotballbanar.

"Verdsatte naturtypar" viser til område i naturen som er kartlagt og vurdert til å ha ein viss verdi for biologisk mangfald, ofte basert på kriterium i Miljødirektoratet sine rettleiarar. Områda blir delt inn i verdikategoriar som fortel kor viktige dei er, typisk frå svært viktige (A) til viktige (B) og lokalt viktige (C).


Fysisk nedbygd areal



Tal for Møre og Romsdal.

Endringane i areal med veg skuldast i hovudsak at kommunane Rindal (2019) og Halså (2020) har gått ut av Møre og Romsdal medan Hornindal (2020) har blitt innlemma i fylket.


Kommunalt avløp: Reins og reinsekrav



Berre 50 % av innbyggjarane i Møre og Romsdal er tilknytta avløpsanlegg der reinsekrava er oppfylt. Dette er lågt samanlikna med Noreg samla sett, der andelen er 70 %.

Tal innbyggjarar tilknytta leidningsnett med ureinsa utslepp har gått ned i perioden. Talet er likevel høgt samanlikna med landet elles når ein reknar mot folketalet.


Kommunal vassforsyning: Fornyning leidningsnett



Fornyningstakta for kommunalt vassforsynings- og spillvassnett har gått ned i Møre og Romsdal samanlikna landet elles.


Del fornya kommunalt leidningsnett blir rekna som gjennomsnitt for dei tre siste åra.

Kommunal vassforsyning: Tilknyting og lekkasje



Om lag 30 % av det kommunale vatnet forsvinn, som følge av lekkasjar, før det kjem fram til forbrukar.


Kommunal vassforsyning: kvalitet og stabilitet



Leverert vasskvalitet ligg på same nivå i Møre og Romsdal som i Noreg.

2023 var første året at leveringsstabiliteten var betre i Møre og Romsdal enn i Noreg.

Utslepp frå anna mobil forbrenning




Tal for Møre og Romsdal.

«Anna mobil forbrenning» omfattar utslepp frå avgiftsfri diesel og bensin brukt til motorreiskap som traktorar, anleggsmaskinar og snøscooterar som ikkje går på veg.

Avgiftsfri diesel blir bruka mellom anna i næringar som jordbruk, skogbruk og bygg og anlegg.


Bilparken: Del el-kjøretøy



Øvrige kjøretøyskategoriar er ikkje med i grafen. Samla ligg dei på 1 % med el-kjøretøy. Det gjeld både i Møre og Romsdal og landet sett under eitt.


Øvrige kjøretøykategoriar inneheld ambulansar, kombinerte bilar, mopedar, lette motorsyklar, tunge motorsyklar, snøscooterar, traktorar og andre motorreiskap.

Bilparken: personbilar etter drivstofftype



Tal for Møre og Romsdal.

Sal av diesel/bensin




Tal for Møre og Romsdal.

Salet av bensin og diesel til bilparken i Møre og Romsdal har gått ned med høvesvis 3 og 14 prosent frå 2020 til 2024. Samla utgjær det ein nedgang på 12 prosent.

Tilsvarande tal for heile landet er 10 prosent nedgang.

Salet av anleggsdiesel har auka med 36 prosent i same periode i Møre og Romsdal, medan det har halde seg uendra i for landet som heilheit.

Klimagassutslepp frå transportsektoren




Tal for Møre og Romsdal.

Samla sett har transportsektoren i Møre og Romsdal redusert utsleppa med 8 prosent i perioden 2009–2023. Totalt for Noreg er reduksjonen på 14 prosent.

Klimagassutslepp frå vegtrafikken har gått ned med 23 prosent i perioden. Det er personbilane som har redusert utsleppa mest, både i tal og prosent.

Sjøfarten har auka utsleppa sine med 4 prosent i same periode, medan luftfarta har gått ned 16 prosent.

Passasjerkilometer ulike transportmiddel




Tal for Møre og Romsdal.

Passasjerkilometer: Tal påstigingar (passasjerar) multiplisert med gjennomsnittleg reiselengd.

Samla passasjerkilometer er redusert med nærare 7 prosent frå 2015 til 2024.

Tilsvarande tal for landet er nærare 6 prosent.

Avfall frå hushaldningane levert i ulike fraksjonar



Tal for Møre og Romsdal.

Ein fraksjon er ein type avfall som sorterast ut for eigen behandling eller gjenvinning.

Kvar innbyggjar i Møre og Romsdal kasta i gjennomsnitt 364 kg hushaldningsavfall i 2024.

Figuren viser levert hushaldningsavfall fordelt på nokre utvalde fraksjonar i Møre og Romsdal.


Tabellen på neste side viser alle fraksjonar.

Avfall frå hushalda levert i ulike fraksjonar [tonn]

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring 2015-2024 [%]
Restavfall	48 650	50 192	49 181	49 836	46 411	47 635	45 862	44 681	43 697	37 021	-23,9
Utsortert	52 006	57 036	54 343	53 439	56 381	64 346	67 304	59 933	64 942	62 637	20,4
Papp	11 968	12 712	12 468	11 855	10 765	10 793	10 163	8 673	8 392	8 323	-30,5
Glass	2 677	2 836	2 942	3 218	3 443	3 630	3 628	3 486	3 348	3 631	35,6
Plast	1 624	1 653	2 059	2 359	2 372	2 814	3 575	2 975	3 394	2 739	68,6
Metall	2 930	3 626	3 783	3 955	4 046	4 706	4 781	4 610	4 798	5 186	77,0
EE-avfall	2 106	2 381	2 358	2 317	2 247	2 724	2 719	2 717	2 512	2 256	7,1
Matavfall	3 113	3 116	3 179	5 264	9 434	10 667	10 874	11 532	12 248	15 192	388,1
Treavfall	8 639	9 869	9 426	10 034	10 443	13 465	14 173	9 509	11 106	7 749	-10,3
Hageavfall	8 958	8 476	7 042	7 328	7 178	8 236	9 015	9 403	9 486	10 230	14,2
Tekstilar	0	166	0	0	0	0	0	0	0	0	.
Utsortert brennbart	5 206	7 029	6 060
Farleg avfall	2 461	3 230	3 186	3 651	3 793	4 707	4 459	4 238	5 468	4 668	89,7
Anna	2 324	1 943	1 841	1 361	1 968	99	182	223	1 067	83	-96,4
Byggavfall	.	.	.	2 098	691	600	986	579	980	1 098	.
Forurensa/lett forurensa massar	1 147	1 612	921	846	381	.
Gips	664	931	850	1 002	965	.
Bildekk	94	206	217	295	136	.
Totalt	100 656	107 228	103 524	103 275	102 792	111 981	113 166	104 614	108 639	99 658	-1,0

. = Ikkje mogleg å oppgi tal. Tal finnst ikkje på dette tidspunktet fordi kategoriane ikkje var i bruk då tala blei samla inn.

Avfall frå hushalda til ulike formar for behandling



Tal for Møre og Romsdal.

Delen avfall som går til forbrenning har blitt redusert med 25 % frå 2015 til 2024, medan mengda avfall som går til materialgjenvinning, biogassproduksjon og kompostering har gått opp.

Delen avfall som går til deponi har auka 7 % i perioden.

Tall på verksemder innan gjenbruk og reparasjon


Beskriving	Tal selskap
Reparasjon og vedlikehald av:	
bearbeida metallprodukt	3
maskiner	15
elektrisk utstyr	2
sivile skip og båtar	20
anna utstyr	1
datamaskiner og kommunikasjonsutstyr	1
elektronikk til hushaldsbruk	2
hushaldsvarer og hagereiskap	3
ur, klokker og smykke	1
andre hushaldsvarer og varer til personleg bruk ikkje nemt anna stad	4
motorvogner	46
Engroshandel med avfall og skrap	1
Sum	99

Tal for Møre og Romsdal.

Tabellen viser verksemder som har oppgitt reparasjon og vedlikehald som hovudaktivitet i Brønnøysundregisteret.

Verksemder som har reparasjon og vedlikehald som bigeskjeft er ikkje med i tala.

Sortert matavfall




Tal for Møre og Romsdal.

Vi har kasta omlag like mykje hushaldsavfall kvart år i perioden 2015-2024.

Det er ei tydeleg auke i utsortering av matavfall i denne perioden.


I 2024 sorterte hushaldningane 15 prosent av si totale avfallsmengde som matavfall, mot 3 prosent i 2015.

Klimagassutslepp frå landbruket



Tal for Møre og Romsdal.

Klimagassutslepp frå fiskefartøy




Tal for Møre og Romsdal.

Forklaring av kva som ligg til kategoriane:

Fiskefartøy omfattar både kystfiskefartøy og havgåande.

Havbruk omfattar ein del fartøy brukt innan havbruk/akvakultur, for det meste brønnbåtar og enkelte større prosess- og arbeidsfartøy. Kategorien omfattar ikkje alle fartøy brukt i næringa.

Fornybar kraftproduksjon




Tal for Møre og Romsdal.

Solkraftproduksjonen er så liten at han knapt er synleg i diagrammet.

I 2024 var vindkraftproduksjonen nærare 200 ganger så stor som solkraftproduksjonen.

Detaljar om solkraftproduksjonen er vist på neste side.

Fornybar kraftproduksjon: solkraft




Tal for Møre og Romsdal.

SSB har ikkje tal for solkraftproduksjon før 2020.

Meir statistikk om kraftproduksjon i Møre og Romsdal finn ein på [fylkeskommunen sine nettsider](#).

Innbyggjarundersøking: produksjon

Det er vanskeleg å finne ut om varer og tenester er produsert på ein berekraftig måte




Tal for Trøndelag og Møre og Romsdal.

Grafen viser innbyggjarane sine svar til påstanden: «Det er vanskeleg å finne ut om varer og tenester er produsert på ein berekraftig måte.»

Mange av innbyggjarane opplever at det er vanskeleg å finne ut om varer og tenester er produsert på ein berekraftig måte, men talet på innbyggjarar som svarer det har gått gradvis ned.

Innbyggjarundersøking: kostnad

Eg har ikkje råd til å velje varer og tenester som er berekraftige




Tal for Trøndelag og Møre og Romsdal.

Grafen viser innbyggjarane sine svar til påstanden: «Eg har ikkje råd til å velje varer og tenester som er berekraftige.»

Meir enn fire av ti innbyggjarar oppgir at dei ikkje har råd til å velje varer og tenester som er berekraftige, men talet har gått ned.

Innbyggjarundersøking: utval

Utvalet av berekraftige varer og tenester er for dårleg




Tal for Trøndelag og Møre og Romsdal.

Grafen viser innbyggjarane sine svar til påstanden: «Utvalet av berekraftige varer og tenester er for dårleg.»

Talet på innbyggjarar som som meiner at utvalet av berekraftige varer og tenester er for dårleg går ned, men framleis meiner fire av ti av utvalet er for dårleg.

Omfang av forskings- og innovasjonsprosjekt: Finansiering frå Innovasjon Noreg





Tal for Møre og Romsdal.

Tala viser all støtte som er gitt frå Innovasjon Noreg, uavhengig av om det er søkt om støtte innafør området miljø, klima og energi.

Søylene viser talet på tildelingar, sjå venstre akse.

Linja viser beløpa som er tildelt, sjå i høgre akse.

Støtte frå Miljødirektoratet: Klimasats og Natursats




Tal for Møre og Romsdal.

Prosjekt som ikkje har fått støtte eller som er avlyst er ikkje med i tala.

Klimasats blei etablert i 2016, medan Natursats blei etablert i 2021.

Miljødirektoratet har fleire tilskotsordningar for klima og miljø enn Klimasats og Natursats. Oversikt over alle tilskotsordningane ligg i [Søknadssenteret](#) på Miljødirektoratet sine nettsider.

Del kommunar som har klimabudsjett



Tal for Møre og Romsdal.

Vi har ikkje tal for del kommunar som bruker klimarekneskap eller areal- og naturrekneskap.